

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FJALER



**GJELDANDE FRÅ 01.08.2010
MED ENDRING FRÅ 01.01.2019**

Drift av skulefritidsordning er heimla i opplæringslova § 13-7.

1. EIGARTILHØVE

Fjaler kommune er eigar av alle kommunale skulefritidstiltak, og alle tiltaka vert sett i samanheng. Skulefritidsordningane ved dei små einingane vert oppretthaldne dersom dei kan drivast saman med skule og evt. barnehage til sjølvkost.

2. MÅL OG INNHALD

Skulefritidsordningane i Fjaler kommune skal i samarbeid med heim og skule vere eit tilbod om tilsyn i lek og fritidsaktivitetar på fridagar i skuleveka og før og etter skuletid.

SFO er ein del av skulen si samla verksemd, og ein skal arbeide for heilskap og samanheng mellom skule, fritidsdel og barnehage der den er lokalisert til skulen. Assistentstillingar i SFO, skule og barnehage skal også sjåast i samanheng.

SFO er eit fritidstilbod, og barna skal ha reell innverknad på innhaldet i fritida si. Barna sine val skal danne grunnlaget for fritidsaktivitetane.

Den enkelte SFO skal ha ei lokal utforming, og kvart tiltak kan utarbeide eigne planar med utgangspunkt i måla som gjeld for alle skulefritidsordningane i Fjaler kommune.

3. BEMANNING OG LEIING.

I regelen skal det vere 1 tilsett i SFO pr. 15 barn. Bemanninga for (funksjonshemma ut) elevar med enkeltvedtak vert vurdert etter den enkelte sitt behov.

Dagleg leiar har ansvar for at SFO vert drive i samsvar med målsetjinga og for den daglege drifta elles. Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret.

Samarbeidsutvalet har same funksjon for SFO som for anna drift av skulen og skal m.a. fastsette eventuell foreldrebetaling til mat/ekskursjonar m.m.

Ved tiltak med meir enn 25 barn, bør dagleg leiar ha høgskuleutdanning.

Tiltak med meir enn 25 barn utløyser 35% administrasjonstid av dagleg leiar si stilling.

4. LEIKE- OG OPPHALDS-AREAL.

Småskulesteget og evt. barnehagen sitt opphalds- og leikeareal og uteområde skal nyttast av SFO. SFO skal ha høve til å nytte spesialrom som gymsal, formingsrom, skulekjøkken og bibliotek når desse er ledige.

5. OPNINGS- OG OPPHALDSTID.

Dagleg opningstid på skuledagar og elevfrie dagar i skuleåret:

Innanfor ei tidsramme frå 07.00 – 16.30, må kvar skule samarbeide med dei føresette om tenlege opningstider.

Det kan gjevast fylgjande tilbod: *A 20 – 26 timar i veka (endring frå 21 – 26)*
 B 15 – 20 timar i veka (endring frå 16 – 21)
 C 10 – 15 timar i veka (endring frå 10 – 16)
 D 0 – 10 timar i veka

(Gjort for å samsvare med tider på heimeside og betaling)

Kvar skule gir informasjon om opningstida på sitt SFO-tilbod

Søknadsfrist til ordinært SFO-tilbod er 1. april. (endring frå. 15. april)

Årleg opningstid:

Dersom det vert påmelding for 6 barn eller fleire, vert det ferietilbod i juni etter skuleslutt, august før skulestart og haust- og vinterferien.

Born som elles har ordinært SFO-tilbod har prioritet dersom det er fleire søkarar til ferietilboda enn det skulen har kapasitet til å ta imot.

Bindande påmelding til ferietilbod er 20. april (endring frå 1. mai) for sommarferie og 1 måned før haust- og

vinterferie. Påmeldinga gjeld for heile veker, ikkje enkeltdagar. Tilbodet vert samordna mellom skulane og skulane/barnehagane der det er praktisk mogleg.

I juli og jule- og påskeferien vert det stengt.

6. OPPTAKSKRITERIUM, OPPTAKSMYNDE OG OPPSEIING.

Alle barn i 1. – 4. årstrinn kan søkje om plass i SFO. Barn med særskilde behov i 1. – 7. årstrinn kan søkje om plass. Dersom skulen der barnet er elev ikkje har skulefritidsordning, kan barnet få tilbod om SFO ved annan skule i kommunen.

Opptaket vert gjort ved den aktuelle skulen. *Føresette søkjer på elektronisk skjema.*

Det er høve til å søkje inn barn i SFO i løpet av skuleåret dersom det er ledige plassar. Barna har plass i SFO inntil dei går ut av 4. årstrinn (7. årstrinn for barn med særskilde behov), eller til plassen vert sagt opp av foreldra.

Oppseiingstida er ein måned frå den 1. i månaden.

Dersom plassen vert sagt opp etter 1. april, vert det kravd foreldrebetaling ut skuleåret.

7. FORELDREBETALING.

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.

For ferietilbod vert det fastsett ein vekesats. Det er ikkje syskenmoderasjon i ferien.

Foreldra kan kjøpe ekstra timar når det er ledig kapasitet. Avtale om ekstratimar kan ikkje medføre at ein kjem opp i 1 time fast pr. veke.

Syskenmoderasjon er 30% for 2. barn og 50% for 3. og fleire barn.

Dersom barnet/barna hentast etter ordinær stengt tid, må foreldra betale eit gebyr for kvar påbegynt halvtime (sjå prisbok).

